

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 11.05.2005  
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik  
Saka gjeld: **Fordeling av resterande lånemidlar**

**Sak nr. 57/05 B**

**Styremøte 27.05. 2005**

---

## 1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 15/3-05 under sak 033/05 B lånemidlar og investeringar 2005. Følgjande vedtak vart fatta:

- 1. Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp*

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest IKT	Apotekene Vest	SUM
37 605	22 398	50 242	16 055	54 000	19 700	200 000

- 2. Den resterande lånaramme på kr 150 mill blir fordelt til investeringar i psykiatriplan etter søknad frå helseføretaka. Av desse midlande gis det tilsegn om lån til Helse Fonna med kr 29,9 mill.*

Helse Vest har i eigen ekspedisjon bedt om tilbakemelding frå helseføretaka på om tildeling av låna skal nyttast fullt ut. Alle føretaka med unntak av Apoteka Vest har meldt tilbake at ein ønskjer å nytte lånaramma fullt ut. Apoteka Vest har i sitt styre fatta vedtak om å søkje Helse Vest om eit lån på kr.15,2 mill til investeringar i 2005.

I tillegg har Helse Vest fått søknad frå Helse Stavanger og Helse Bergen om bruk av den tilbakehaldne låneramma til følgjande prosjekter:

Helse Stavanger ønskjer kr 100 mill til finansiering av Sola DPS som ligg innanfor psykiatriplanen.

Helse Bergen har søkt om kr 104 mill til finansiering av følgjande prosjekt:

- Bjørgvin DPS	kr	10 mill
- Vaksenpsykiatri Sandviken	kr	65 mill
- Fjell og Årstad DPS, knappentunet	kr	9 mill
- Utvida BUP, Voss sjukehus	kr	9 mill
- Nybygg over stråleterapi (delfinansiering)	kr	11 mill
<b>SUM</b>	<b>kr</b>	<b>104 mill</b>

## **2. Kommentar**

Apoteka Vest har meldt tilbake eit lånebehov som er kr 4,5 mill lågare enn beløpet som vart tildelt i sak 033/05 B. Administrasjonen vil med bakgrunn i dette tilrå at midlande vert overført til Helse Bergen.

Helse Vest IKT AS er tildelt kr 54 mill i lån til investeringar. Etter ei nærmere vurdering vil ein kunne trekke dette nivået ned med om lag kr 8 mill. Det vil bli utarbeid eit revidert investeringsbudsjett som vil bli lagt fram for styret i Helse Vest IKT AS rett over sommaren. Det vil då bli gjort ei ny vurdering på behovet for lånemidlar.

Når det gjeld fordeling av den resterande låneramma på kr 150 mill til psykiatriplanen har Helse Fonna meldt tilbake at ein vil nytta tilsegn om lån på kr 29,9 mill fullt ut. Det gjenstår da kr 120,1 mill som skal fordelast til helseføretaka.

I vurderingane nedanfor legg administrasjonen til grunn at det "låneregime" som er etablert blir vidareført og i 2006. Dette inneber at ein ved tildeling av lån i 2006 vil måtte prioritere slik at dei prosjekta som blir satt i verk med lånemidlar i 2005 gis eit finansielt grunnlag for å bli ferdigstilt i 2006.

Styret i Helse Vest har under sak 43/05 B fatta vedtak om utbygging av nytt distriktspsykiatrisk senter, Sola DPS, i Helse Stavanger HF innafor ei kostnadsramme på kr 100 mill. Helse Stavanger har søkt om lån til å gjennomføre investeringa på kr 100 mill. Bygginga vil kunne starte opp etter sommaren og for å gje Helse Stavanger finansielt grunnlag for å starte prosjektet vil administrerande direktør tilrå at det blir tildelt kr. 50 mill i 2005 til oppstart av prosjektet.

Helse Bergen har søkt om lån på kr 104 mill kor kr 93 mill er knytt til psykiatriinvesteringar. I lånesøknaden frå Helse Bergen er Vaksenpsykiatri Sandviken inkludert med kr 65 mill. Sandviken er ikkje ein del av opptrappingsplanen, men prosjektet er likevel eit prioritert prosjekt innan Helse Vest. Administrerande direktør vil tilrå at det blir tildelt kr 70,1 mill av dei resterande lånemidlane til Helse Bergen. I tillegg blir reduksjon i låneramma på kr 4,5 mill frå Apoteka Vest overført til Helse Bergen til bruk innafor psykiatri. Samla låneramme øyremerka psykiatri blir då kr 74,6 mill.

Helse Førde har ved tildeling av lån under sak 33/05 B måtte trekke ned sitt investeringsbudsjett for 2005. Innafor ei låneramme på kr 8 mill vil de kunne gjøre mindre bygningsmessige forbeteringar som vil kunne gje auka effektivitet i drifta. Administrerande direktør vil derfor tilrå at dei kr 8 mill som er trekt ut av tildelinga til Helse Vest IKT AS vert tildelt Helse Førde.

Dette gir følgjande fordeling av lånemidlar på samla kr. 350 mill i 2005:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest IKT	Apotekene Vest	Tilbakeholdt	SUM
Vedtak sak 033/05 B Forhåndstilsagn psykiatri	37 605	22 398 29 910	50 242	16 055	54 000	19 700	- 120 090	200 000 150 000
SUM fordelt i møte 15/3-05 Tildeling og omfordeling	37 605	52 308	50 242 74 590	16 055 8 000	54 000 -8000	19 700 -4500	120 090 -120 090	350 000 -
<b>Samla tildeling lån 2005</b>	<b>87 605</b>	<b>52 308</b>	<b>124 832</b>	<b>24 055</b>	<b>46 000</b>	<b>15 200</b>	<b>-</b>	<b>350 000</b>
<b>Herav øremerka psykiatri</b>	<b>50 000</b>	<b>29 910</b>	<b>74 590</b>					<b>154 500</b>

Helse- og omsorgdepartementet har av den samla låneramma for 2005 helde tilbake kr 350 mill som vil bli fordelt seinare i år. Administrerande direktør har i brev av 21.04.2005 søkt om å få tildelt denne låneramma for oppstart av nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen og nytt akuttmottak (MOBA) ved Helse Stavanger. HOD har ikke svart på søknaden enno, men det er gitt munnleg signal om at desse lånemidlane vil bli fordelt i september. Dei nemnte prosjekta har ikke vore underlagt ei behandling i styret enno då administrasjonen har forsøkt å finne ei avklaring på finansieringa. Administrerande direktør vil kome tilbake i eigen sak om fordeling av dei midlane ein eventuelt får tildelt. I tillegg vil dei nemnde investeringsprosjekta bli lagt fram for godkjenning av styret i Helse Vest i eigne saker rett over sommaren.

### Forslag til vedtak:

1. Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest IKT	Apotekene Vest	SUM
<b>Samla tildeling lån 2005</b>	<b>87 605</b>	<b>52 308</b>	<b>124 832</b>	<b>24 055</b>	<b>46 000</b>	<b>15 200</b>	<b>350 000</b>
<b>Lån øremerka psykiatri</b>	<b>50 000</b>	<b>29 910</b>	<b>74 590</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>154 500</b>